



CASIOKIDS: Bergen/Stavanger-bandet Casiokids speler på Ranglerock på Bryne mølle fredag 11 juli, i tillegg til ein familiekonsert laurdag føremiddag. (Pressefoto)

# Nå skal ungane også få rangla

Ranglerockarane vil ha med ungane på konsert og utvidar med barnekonsert.

JORUNN ERGA STEINSLAND | tekst  
jes@jbl.no

**FESTIVAL:** Fredag 11. juli speler norske Casiokids for eit vaksne publikum på Ranglerock. Laurdag føremiddag står dei på scena igjen. Denne gongen for eit ungt publikum.

#### Tidleg krøkast

– Me ønskjer å utvida målgruppa vår. Me begynner sjølv å koma i den situasjonen at me begynner å produsera ungar. Då kan me ikkje bare arrangera for oss sjølv lenger. Me vil introdusera ungane for konsert-konseptet tidleg og trur at små ungar også kan ha det kjekt på konsert. Casiokids seier sjølv at god musikk er god for folk i alle aldrar, seier festivalsjef Bjørn Hagerup Røken.

– Dessutan er ein del barnemusikk veldig kjedeleg for

vaksne, men det finst musikk som utfordrar både små og store øyrer, legg Hagerup Røken til.

Casiokids er eit norsk indie-pop-band med medlemmer fra Stavanger og Bergen. Namnet kjem av at gruppa sidan starten i 2005 har brukt gamle Casio-keyboards som ein viktig del av lydbildet. Bandet syng på norsk, men har likevel klart å skapa entusiasme i utlandet.

Konserten laurdag føremiddag er ein familiekonsert utan aldersgrense og blir anten utanfor eller inne i Mølla på Bryne.

Ranglerock har ikkje ungdomskonsert i år.

#### 13 artistar

Heile programmet for årets Ranglerock er nå klart. Til saman 13 artistar/band får visa seg fram på Bryne 11. og 12. juli.

– I år har me eit veldig internasjonalt program. Me er kjem

pefornøgde sjølv og meiner me har ein god blanding av kjent og ukjent kvalitetsmusikk innanfor eit stort spekter av sjangrar. Det er det som har vore greia til Ranglerock. Folk kjem heller for å oppdaga musikk, enn å synga med, meiner Hagerup Røken.

#### Ranglefrokost

Som i fjor blir det ranglefrokost. Denne gongen på kaféen til festivalsjefen sin tvillingbror, Jordbærpikene. Festivalsjefen røper at serveringa er inspirert av menyen til Ranglerock.

– Då blir det farse altså?  
– Hehe...ja, svarer Hagerup Røken.

Egersundbandet Stanley Brinks & The Kaniks spelar under ranglefrokosten.

#### Kunstplakat

Årets ranglerockplakat er meir enn ein plakat. Det er eit lite kunstverk i seg sjølv. Festivalleiringa har engasjert gatekunstnaren Pøbel til å designa plakaten.

– Du kan nesten kalla det eit bestillingsverk. Me er veldig stolt over dette prosjektet og

#### PROGRAMMET

##### DESSE SPELER PÅ RANGELROCK

- Real Ones
- Tamikrest (Mali)
- Wolf People (Storbritannia)
- Howlin Rain (USA)
- Siri Nilsen
- Cpt. Biff & The Seamen
- Fjorden Baby
- Casiokids
- Svenssen
- Superoaker
- Freschard (Frankrike)
- Vilde Tuv
- Stanley Brinks & The Kaniks

## Tjuvstartar 13. juni

**RANGELROCK:** Som ein introduksjon til hovudartisten til festivalen, Tamikrest, inviterer ranglerockarane til eit populærvitenskapleg föredrag av førstemanuensis i historie ved Universitetet i Stavanger, Ketil Fred Hansen. Föredraget vil handla om konflikten i Mali.

Bandet Tamikrest er forbode i heimlandet, på lik linje med all musikk, etter at militante islamistar tok over for to år sidan. Musikarar blir truga på livet, og mange har svart med å emigrera.

Med arrangementet 13. juni, ønskjer leiinga i Ranglerock å visa at festivalen kan vera meir enn musikk.

– Me ønskjer å vera ein aktør i kulturlivet på Bryne. Derfor utvider me litt med andre ting. Dette er eit Kick off med direkte relevans til ein av konsertane, seier festivalsjefen.

I tillegg vert det ein minikonsert med Jørgen Tjemsland, som debuterte hausten 2013 med singelen «Kjærighet finns».

tykkjer det er veldig stas å ha ein plakat som på mange måtar er eit kunstverk i seg sjølv, seier festivalsjef Bjørn Hagerup Røken.

I fjor var det den lokale kunstnaren Anette Moi som designa plakaten.